

Høyringsuttale vedrørande omgjering av utdanningsprogram for medium og kommunikasjon

Elevane sitt beste må først og fremst stå i fokus når utdanningsprogram for medium og kommunikasjon skal gjerast om til studieførebuande.

Faglærarane på lina for medium og kommunikasjon på Stord vidaregåande skule går samrøystes inn for modell 2. Me meiner denne modellen best tek i vare elevane sine mogleikar for vidare utdanning og val av yrke i tråd med behovet for kompetanse i næringslivet.

Næringslivet etterspør stadig høgare kompetanse og evne til omstilling. Medieverksemder krev breiddekompetanse, medarbeidarane skal kunna «alt». Dette har dei unge teke inn over seg. Gjennom mange år har me sett at elevane på medium og kommunikasjon, med nokre svært få unnatak, ynskjer studiekompetanse. For at elevar skal kunna gå vidare med studie innan medieproduksjon, journalistikk, informasjon og digital utvikling, må dei, med få unnatak, ha studiekompetanse. Me ser det som mest tenleg å behalda fordjuping i mediefaga innanfor utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon.

Modell 2 vil også på ein god måte ta i vare elevar som vel yrkesretning, all den tid lærekreftene og kompetansen i mediefaga vil vera samla og knytt opp til studieførebuande.

Ved å leggja den praktiske delen av mediefaga til design og handverk, fryktar me at mediefaga vil bli utvatna. I så fall står elevane i fare for å få for lite reell mediekompetanse til å imøtekoma krava frå mediebransjen.

Modell 2 vil gje MK-elevane høve til å følgja fag- og timefordelinga til dei andre studieførebuande utdanningsprogramma på skulen, slik at dei får eit breitt og framtidsretta fagtilbod å velja i. Samstundes vil yrkesfaga vera knytte til dei andre faga i medium og kommunikasjon, noko som er ein styrke i dagens struktur. Ved val av modell 1 vil ein mista denne koplingen.

Eit felles vg1 for alle elevar på mk er positivt. Det gir større sjanse for at elevane veit kva dei skal velja vidare av studieførebuande eller yrkesfag, noko som vil medverka til lågast mogeleg feilval/fråfall.

Vidare ser me det som viktig at eit lite studieprogram som MK vert lokalisert slik at flest mogeleg av elevane kan bu heime. Spesielt i VG1 er dette viktig.

Stord 17.09.2014

MK- Stord v/Liv Nyborg